

# Protokoll frå ekstraordinært telefonstyremøte i Helse Førde HF

Tid: **12.03.2020, kl. 21:30- 22.30**  
Møtestad: **Video/Skype/Telefonmøte**

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

## Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

## Forfall

Reidar Sandal, medlem  
Ole-Magnus Kapstad, medlem

## Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, stedfortreder AD/direktør PHV  
Trine Hunskaar Vingsnes, fagdirektør  
Terje Olav Øen, beredskapssjef

## Sakliste

---

010/2020	Godkjenning av innkalling og dagsorden
011/2020	Informasjon i høve handtering korona i Helse Førde HF

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant og administrasjonen velkommen til dagens ekstraordinære styremøte.

### **010/2020      Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **011/2020      Informasjon i høve handtering korona i Helse Førde HF**

Adm. direktør Varden orienterte om status for handtering av koronavirus i Helse Førde.

Arve Varden er som følgje av nye retningslinjer i heimekarantene inntil 15.03.20 kl. 09.45.

Det er ikkje koronapasient innlagt i Helse Førde p.t.. I Helse Førde sitt opptaksområde er det meldt om 9 smitta personar. Tek atterhald at talet kan endrast fort.

Det er etablert smittevernråd i Helse Førde, og det er etablert taktisk samhandlingsgruppe med kommunane med deltaking av kommunelegar.

Helse Førde etablerte kl. 09.00 grøn beredskap 12.03.20. Om ettermiddagen ble beredskapen heva til gult nivå.

Disponibelt personell er kartlagt av HR-avdelinga. Dette gjeld vikarar, pensjonistar, studentar og deltidstilsette.

Det er planlagt kohortavdeling ved Medisinsk avdeling ved Førde sjukehus. Det er gjort ein rekke tiltak for å tilpasse drifta, m.a:

- Redusert elektiv aktivitet
- Flytting av kreftsengepost
- Bruk av telefonkonsultasjon der det er mogeleg
- Tilgangskontroll er innført ved alle sjukehus, ved bruk av vekter og egne tilsette.
- Lokalsjukehusa drøftar vi løysingar. Spesielt i forhold til LV-telefon og KADsenger.
- Det er gjort omfattande kartlegging av utstyr og smittevernutstyr, og forsyning vert følgd opp nasjonal gjennom Sjukehusinnkjøp HF.

Det er 30 respiratorar i Helse Førde, men det kan vere krevjande å få personell til drift av alle desse.

Kvar avdeling er bedt av administrerende direktør om å levere tiltaksplan for situasjonen innan kl. 15.00 fredag 13.03.20.

Fagdirektør Vingsnes orienterte nærmare om tiltak og vurderingar for nøkkelpersonell som er omfatta av nye karantenerreglar.

Spørsmål om reduksjon av elektiv aktivitet frå styreleiar Landstad:

Fagdirektør orienterte om korleis ein vurderer elektiv aktivitet. All øyeblikkeleg hjelp vert gitt, elektiv aktivitet vert vurdert av kvar einskild avdeling ut frå kriteria for kva som er medisinsk forsvarleg.

Adm. direktør Varden orienterte vidare om drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane, og protokoll frå drøftingar. Situasjonen har endra seg etter drøftinga, og det er nytt møte med tillitsvalde neste veke. Det vert understreka at det kan vere naudsynt å flytte personale mellom avdelingar og lokasjonar.

Når det gjeld stengde barnehagar og skular, vil kommunane gje tilpassa barnehage og skuletilbod for tilsette i helsetenesta og tilsette i andre samfunnskritiske funksjonar. Helse Førde har kontakt med kommunane om dette.

Innspel frå styremedlem Norevik om generell testing av personale med luftveissymptom er innført i Helse Bergen, og spørsmål om det blir vurdert i Helse Førde som førebyggjande tiltak for å avgrense smittespreiing, og trygging av personale.

Fagdirektør orienterte om at Helse Førde fortløpande vurderer dette, og ser på om dette let seg løyse med Bedriftshelsetenesta. Samstundes må dette vegast opp mot prøve- og analysekapasitet.

Styremedlem Norevik påpeika viktigheit med god informasjon internt i Helse Førde og eksternt mot samfunnet rundt i den situasjonen ein er i.

Beredskapssjef Øen orienterte om beredskapsarbeidet, m.a. om mogeleg etablering av akuttmottak 2 ved Førde sentralsjukehus, tilgangskontroll .m.m. Det er tett dialog med Fylkesmannen og kommunane. Det har og vore møte i Fylkesberedskapsrådet. Det er etablert dagleg rapportering på smittetilfelle og utstyrssituasjon til Helsedirektoratet. Føretaksleiinga har beredskapsmøte kvar morgon.

Helse Førde har vore tidleg ute og bestilt utstyr, men det er utfordringar med leveranse på noko utstyr. Beredskapssjef orienterte detaljert om utstyr. Det er innført tiltak for å redusere bruk av smittevernutstyr, samt opplæringstiltak for å nytte utstyret best mogeleg. Helse Førde har overfor Helsedirektoratet påpeikt behovet for nasjonal produksjon av smittevernutstyr, særleg smittefrakker.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om status på medikament for behandling av intensivpasientar.

Største utfordring for Helse Førde er å ha kontroll på kapasitet på personale, samt naudsynt trening for personell, dvs øving på prosedyrar m.m.

Styremedlem Vedeld påpeikar risiko for at helsepersonell blir sjuke og faren med spreiiing ved at helsepersonellet sine born er samla.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om samhandling med kommunane og arbeidet i taktisk samhandlingsgruppe.

Styreleiar Landstad understreka det utfordrande og uforutsigbar i situasjonen, men at ein jobbar godt med planlegging og førebuing.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orientering om handtering korona i Helse Førde HF til vitende.

Ref. Børge Tvedt

---

Agnes Landstad  
Styreleiar

---

Anne Sissel Faugstad  
Nestleiar

---

Aud Ingrid Espeland

---

Reidar Sandal  
(sett)

---

Ole Gunnar Krakhellen

---

Thomas Vingen Vedeld

---

Ivar Eriksen

---

Arthur Norevik

---

Randi Aven

---

Ole-Magnus Kapstad  
(sett)

---

Lena Thorsnes